



Gaular kommune
Skule- og kulturetaten

Det kongelige Kunnskapsdepartement
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Jfr.

Saksnr.
14/1393

Arkivkode
FA-A20, TI-&00

Journalnr.
15/99

Dykkar ref.

Vår ref.
BFJ

Dato
05.01.2015

Høyringsuttale frå Gaular kommune til endringar i Opplæringslova

Kunnskapsdepartementet sende 22.10.2014 «Forslag til endringer i opplæringsloven og privatskoleloven – Krav om relevant kompetanse i undervisningsfag m.m» med høyringsfrist på 05. januar 2015.

Gaular kommune handsama høyringsnotatet i Skule- og kulturutvalet 19.12.2014 og har følgjande uttale til høyringa:

Gaular kommune er stort sett positiv til endringane Kunnskapsdepartementet legg opp til av Opplæringslova. Ein støttar Departementet i at solid fagkompetanse er naudsynt for å kunne motivere og formidle kunnskap på ein god måte og meiner det er positivt at Departementet legg opp til ei kompetanseheving av lærarar. Gaular kommune vil òg peika på viktigheita av at det følgjer gode finansieringsordningar slik det no ligg føre, slik at kompetansehevinga kan halda fram. Ein må likevel peike på at det kan gje utfordringar med å få tak i kompetent personale til å dekkje opp for lærarar på vidareutdanning, særskild for kommunar som er små og ligg utanfor sentrale strøk. Ein er også uroa over at ein tek bort den særlege ordninga for skular med små ungdomssteg. Det kan verte noko utfordrande å få kompetent personale på kort sikt, men ein ser at ein også her har eit behov for god og solid kompetanse.

Gaular kommune har ikkje merknader til endringa knytta til retten til å ta avgjersler på barnet sine vegne når barnevernstenesta har overteke omsorga for barnet. Endringa fører til ei mindre byråkratisering og lettare for skulane om kven ein skal forhalde seg til.

Gaular kommune tek endringa av faget religion, livssyn og etikk til vitande.

Med helsing

Helge Følid
rådmann

Bjørnar Fjellhaug
skule- og kultursjef